

Utkast til høyringssvar frå Hemsedal Fellesråd Oktober 2014

STATEN OG DEN NORSKE KYRKJA - EIT TYDELIG SKILJE

Hemsedal Kyrkjelege fellesråd har fylgjande uttale til høyringa om eit tydelig skilje mellom Staten og Den norske kyrkja.

Grunnlovsendinga frå mai 2012 er utgangspunktet for arbeidet med å klargjera skilje mellom Staten og Den norske kyrkja.

Grunnlova § 16 legg føringar for at det framleis må vera ein relasjon, ikkje minst økonomisk mellom stat og kyrkje. Ein slik relasjon må reguleras i ei lovramme for Den norske kyrkja. Hemsedal kyrkjelege fellesråd støttar arbeidet med ei slik lov.

Høyringsnotatet har overskrifta «**eit tydelig skilje**». Relasjonen mellom stat-kyrkje må vera tett også etter eit skilje. Staten må ha medansvar for kyrkja vår. Målet må vera ei ordning som er eit gode for både staten, kyrkja og samfunnet. Lovendingane som er foreslått er fyrste steg på vegen mot ei meir sjølvstendig kyrkje. Det blir viktig å avklara om skilje på sikt vil gjera staten mindre villig til å vera med å finansiera drifta av kyrkja. Når kyrkja blir skild frå staten vil det snart kome politiske innspel om å løyva mindre til kyrkjeleg drift og arbeid. Det er difor særskilt viktig at staten forpliktar seg til å fortsatt støtte kyrkja økonomisk både på kort og lang sikt.

Hemsedal Fellesråd er oppteken av kva som blir sokna sin status i den nye kyrkjeordninga. Soknets rettslege status må ikkje endras frå i dag. Soknet er grunnpilaren i kyrkjens liv. Det må difor klargjerast kva som meinas med at "*soknet er kyrkjens grunn-eining*) Vi meiner at soknet ikkje skal underleggast eit overordna nasjonalt rettssubjekt men vera sitt eige slik som i dag.

Eit kyrkjeleg nasjonalt og regionalt nivå bør vera eige rettssubjekt i tillegg til sokna. Slike sentrale og regionale organ må tilretteleggje for verksemda i soknet.

Kyrkjemøte bør vedta nasjonale liturgiar, og representere Den Norske Kyrkja der det er naturleg. Biskopen må som i dag ha tilsynsansvar for kyrkja, og vera motivator og tilretteleggjar i prosti og sokn, og underbygge liv og virke der.

Hemsedal kyrkjelige fellesråd støttar hovudforslaget i høyringsnotatet om å etablere rettsleg handleevne til Den norske kyrkje sentralt. Prestetenesta og det som er knytt opp til sentrale og regionale kyrkjelege råd blir skild ut frå staten, og blir ikkje lenger statleg verksemd.

Det er særst viktig at det blir forutsigbare rammer for Den norske kyrkja som ei landsdekkande folkekyrkje. Blir det ikkje det vil det skapa stor usikkerheit i tida framover.

Hemsedal Fellesråd meiner at det bør vera Kyrkjemøtet som skal vera kyrkjas øvste organ. Der skal sokna sine representantar møta, og vera med å påverka. Det vil også styrke soknets plass i den nye kyrkjeordninga.

Vi støttar departementets forslag om å føra vidare det rettslege sjølvstende sokna har i dagens kyrkjelege lovgjeving. Nye lover må ikkje svekke soknets plass i kyrkjeordninga. Ein kan sjå for seg at i ei ny kyrkjeordning blir fleire oppgåver lagt til soknenivå.

Det kjem forslag om ein ny bestemming i kyrkjelova som skal sikre at alle sokn får geistleg betjening. Dette ser Fellesrådet på som eit godt og viktig forslag.

Det som er noko uklart kva prestens rolle blir i ei ny kyrkjeordning. Her må presten knytast nærare til sokna sine organ, og gjerne bli organisert gjennom dei. Soknets rett til presteteneste må bli lovfesta.

Kyrkjerådet må vidareutviklas som styre, og bli drivi etter privatrettslege reglar med arbeidsgjevaransvar for biskopar m.fl.

Arbeidsrettslege spørsmål bør ikkje handsamast av ei klagnemd. Der må arbeidsmiljølova gjelde som den gjer for resten av arbeidslivet.

Skal det vera ei klagenemnd bør den kunne fungera slik som Fylkesmannen er det for kommunane.

Korleis arbeidsgjevaransvaret skal ordnast er noko uklart då det er foreslått overgangsordningar for tida framover. Om det er naturleg at Kyrkjeverja skal vera arbeidsgjevar for prestane eller om det er prosten si oppgåve, er det vanskeleg å meine noko om sidan me no er midt i denne prosessen. Det bør vurderast om prost og prosti skal nedleggjast så sokna får nærare tilknytning til biskop og kyrkjemøtet. På den anna side er det mange fordelar med å ha prosti sidan dei har ein nærare geografisk tilknytning til sokna, og har difor ein hyrdefunksjon som er tettare på enn biskopen kan ha. Det er fordelar og ulemper med begge modellar, og difor må dette avklarast seinare.

Forslaget om at det skal vera prest i kvart sokn og biskop i alle bispedømme støttas. Presten må behalda sin uavhengigheit til å kunne utøve prestetenesta ut frå dei løfter som ordinasjonen krev, med dei plikter og rettar dette inneber.

Lovfesting av soknets rett til å bli betjent av prest må påleggast staten som ein forpliktelse. Staten må sørge for finansiering av ein landsomfattande presteneste.

Bispetenesta må lovfestast slik at det ikkje er nokon tvil om statens framtidige finansieringsansvar også for biskopane.

Delegasjonsmynde blir viktig i ei ny lov. Skal kyrkjemøtet kunne delegere til kyrkjas organ f.eks sokna? Viss ikkje blir det vanskeleg å delegere arbeidsgjevarfunksjonar til Fellesråd og Sokneråd. Det blir foreslått at sokna kan be bispedømmerådet om å utføre oppgåver. Ei slik organisering betyr at sokna kan delegere oppover til bispedømmerådet/bispemøtet, men Kyrkjemøtet kan ikkje delegere nedover til sokna. Då blir det vanskeleg seinare å kunne prøve ut andre måtar og organisera kyrkjeleg verksemd, til dømes felles arbeidsgjevaransvar for fellesråd, der områda til prosti og fellesråd er det same.

KA som forslår desse tilleggast til siste ledd i §§ 9, 14 og 23:

Sitat:

§ 9: Menighetsrådet utfører for øvrig dei oppgavene som etter avtale blir overlatt det av Kirkemøtet.

§ 14 Kirkelig fellesråd utfører for øvrig de oppgaver som etter avtale blir overlatt det av det enkelte menighetsråd eller av Kirkemøtet.

§ 23 Bispedømmerådet utfører for øvrig de oppgaver som etter avtale blir overlatt det av menighetsråd eller kirkelig fellesråd

Sitat slutt

I dag er Den norske kyrkja organisert i to verksemdar lokalt.

1. Verksemda til Sokna
2. Den statlege geistlege verksemda.

Denne todelinga gjev mykje ukklarhet, usikkerhet, ekstraarbeid og byråkrati. Hemsedal kyrkelege fellesråd meiner at endringane som nå skal gjennomførast må forenkla og samordna den kyrkjelege verksemda.

Nokon av forslaga f.eks. klagenemnd bidreg heller til å svekke enn styrkje ei organisatorisk todeling. I denne omgang bør denne fjernast.

Økonomiregelverket til kyrkja må tilpassast Norsk Standard for regnskap og regnskapslova. Det er uheldig at kyrkja har sine "eigne reglar" for regnskap og økonomihandsaming. Dette bør i 2014 harmonera med resten av samfunnet.

Når det gjeld økonomi blir det viktig at sokna fortsett som eigar av kyrkjegardane og ivaretek kyrkjegardsforvaltning. I framtida vil dette vera einaste inntekta for sokna, og må difor ikkje overdras til kommunane.

Tilskot til trus-opplæring er ikkje med i oppgåvene staten skal ha i framtida.

Desse midlane utgjer ein viktig del av tilskotet til kyrkja.

Det er viktig at Kyrkjemøtets får forvalta desse midlane vidare, og at dei ikkje forsvinn.

Sakshandsamar:

Kjetil Th. Storebråten

Hemsedal Kyrkjelege Felle råd

v/ Leiar Toril V. Sørensen.